



Arkivnr: 2019/1018-1

Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.02.2019

### Disponering av restmidlar frå Næringsbarometer-fondet

#### Samandrag

Næringsbarometeret var ei årleg undersøking som målar forventningane i næringslivet i Hordaland og Sogn og Fjordane. Føremålet var å gje ei oversikt over, og ei felles forståing av framtidsutsikter og utviklingstrekk i næringslivet. Næringsbarometeret var eit fast innlegg med lansering på Nyårsmøtet til fylkesordføraren i perioden frå 2013 til barometeret vart avslutta i 2016. Bakgrunn for avviklin var ei vurdering knytt til alt mange aktørar; NHO, bankar, NAV m.fl. utarbeider gode barometer og analysar som tek i vare fylkeskommunen sine behov for å sjå på framtidsutsikter og utviklingstrekk.

I denne saka vert det foreslått å overføra restmidlane i Næringsbarometer-fondet slik at 313.000 kroner vert omdisponert til arbeid med «ny regional næringsplan for Vestland fylkeskommune».

**Økonomi:** Ingen effekt på driftsresultat, lånegjeld og disposisjonsfond

**Klima:** Ingen effekt på klimaet

**Folkehelse:** Tilrettelegging som bidrar til nye arbeidsplassar er viktig for folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Regional planstrategi vil leggja viktige føringar for ein regional næringsplan for Vestland fylkeskommune

#### Forslag til vedtak

Restmidlane på 313.000 kroner som har vore øymerka til arbeid med «Næringsbarometer for Hordaland og Sogn- og Fjordane» vert omdisponert til å arbeide fram «ny regional næringsplan for Vestland fylkeskommune».

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## **Fylkesrådmannen, 29.01.2019**

### **Bakgrunn**

Arbeidet med Næringsbarometeret er fullført og det er ikkje behov for restmidlar på 313.000 kroner, som er sett av til dette føremålet. Midlane er sett av på eit eige fond, og i budsjettet for 2018 er det vedtatt at det er fylkesutvalet som må avgjera kva denne summen kan nyttast til.

### **Vurdering**

Fylkesrådmannen rår til at Næringsbarometer-fondet på 313.000 kroner vert omdisponert til arbeidet med ny regional næringsplan for Vestland fylkeskommune.